



Fire hjortejegarar frå Omvikdalen og Uskedalen i Rødslaia eit tidlegare år. (Foto: Siv Framnes)

- For oss har det vore ein god start på hjortejakta og vi ligg bra an. Vi har til no felt fem av dei 17 dyra som Kjærland, Myklebust og Ytre Rød har rett på, seier Tormod Myklebust til uskedalen.no.

Ellers er jaktresultatet i Uskedalen noko varierende så langt. Men det er enno tidleg i jakta, som starta 10. september og varar til 15. november.

Myklebust minner om at det har vore varmt i veret. Då er det ikkje så fristande å skyta hjort, for jegarane må ta godt vare på kjøtet.

Det har vore ganske mykje hjort å se denne hausten, men etter jaktstarten har den trukke bort.

- Vi har skote små dyr og ikkje kulle og kalv, som bør sparast, seier Tormod.

Valdet hans har hatt rett på 20 dyr i mange år. I fjor hadde det rett på 19, men klara ikkje det og kvota vart redusert med to.

- Vi må attende 15 år for å finna topp-bestanden. No har vi heldigvis ikkje så mykje hjort her, held Tormod fram.

- Heldigvis ???

- Ja, eg seier heldigvis som bonde. Som jegar skulle eg helst ha skote fleire!

Kvinnherad har om lag 8.000 hjort og det blir felt rundt 850 av ei kvote på rundt 1.000 i året. Med ei gjennomsnittleg vekt på 50 kilo kjem ein opp i 50 tonn kjøtt til ein verdi av 2,5 millionar, skriv Kvinnherad-magasinet.

Det nye magasinet har ein reportasje om hjortejakt og samarbeid og skriv at hjorten er ein formidabel ressurs i landets største hjortekommune.

Redaktør Sigurd Vikøren har intervjuet feltansvarleg Hans Martin Hjelmeland i OSL jaktfelt. Det er ein del av Hjortefot jaktvald, som omfattar delar av Omvikdalen, Seim og Naterstad og er eit av storvalda i kommunen. Der har fleire grunneigarar gått saman om å utnytte hjortestamma meir målretta. Dei disponerer 13.000 dekar og har 53 løyve i år.

Hjelmeland strekar under kor viktig det er å halda kontrollen med jakta hos grunneigarane. Altfor mange har selt løyva i ein periode og opplevd at stamma er skoten bort når perioden er til ende. OSL har hatt med gjestejegarar i fem år og har berre gode erfaringar. Inntekta går til utbetring av jaktområde og fellestiltakk. No er nytt slakteri med kjølerom under planleggjing. Dei treng betre tilgang på kjølerom for halda på den gode kvaliteten på slaktet. Av Ola Matti Mathisen